

Læreplan i vg3 reiselivsfaget

Fastsett som forskrift av Utdanningsdirektoratet 4. mai 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 frå Kunnskapsdepartementet med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2022

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Vg3 reiselivs faget handlar om drift, sal og service innanfor det heilskaplege reiselivsproduktet. Vidare handlar det om profesjonell kommunikasjon og kulturforståing i møte med gjester og kundar. Faget skal ruste lærlingane til å ta del i eit arbeidsliv der trendar og marknadssituasjon endrar seg etter ønska til kundane og etter utviklinga og krava som samfunnet stiller.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunlaget for opplæringa. Vg3 reiselivs faget skal bidra til eit inkluderande og mangfaldig arbeidsfellesskap der kundar, gjester og kollegaer blir møtte med respekt og profesjonalitet. Faget skal vidare bidra til at elevane reflekterer over miljømessige, økonomiske og sosiale forhold i reiselivsbransjen. Gjennom innovative prosessar skal faget òg bidra til engasjement og skaparglede. Vg3 reiselivs faget skal dessutan bidra til at elevane får kunnskap om pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren og om kor viktig det er med trepartssamarbeidet, der arbeidsgivarar, arbeidstakarar og styresmakter jobbar saman for å utvikle eit betre arbeidsliv.

Kjerneelement

Vertskap og service

Kjerneelementet vertskap og service handlar om å skape lojalitet og gode totalopplevingar i møte med kundar og gjester. Det handlar òg om å tilpasse vertskapsrolla til ulike lokasjonar og arbeidsføresetnader. Kjerneelementet handlar vidare om historieforteljing, produktkunnskap og innsal av tilbod. I dette ligg det å tilpasse formidling og kommunikasjon til gjester og kundar frå ulike kulturar.

Drift av reiselivsprodukt

Kjerneelementet drift av reiselivsprodukt handlar om å utvikle og distribuere konkurransedyktige produkt lokalt eller globalt i samarbeid med aktørar innanfor det heilskaplege reiselivsproduktet. Vidare handlar det om å forstå inntekts- og kostnadsfaktorane og korleis desse påverkar drift, tilbod og prising av ulike produkt. Kjerneelementet handlar òg om å utnytte ressursar effektivt og ansvarleg for å sikre meirverdi og berekraft i verksemda. Vidare handlar det om å følgje relevante lovverk og etiske retningslinjer for å bidra til gode kundeopplevingar og eit godt arbeidsmiljø.

Reiseliv i utvikling

Kjerneelementet reiseliv i utvikling handlar om innovasjon gjennom omstillingsprosessar og vidareutvikling og om å skape unike, berekraftige og heilskaplege opplevingar. Det inneber å forstå trendar, utviklingstrekk og globale utfordringar som reiselivsnæringa står overfor, og korleis denne kunnskapen kan anvendast i drift og vidareutvikling av verksemda.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I vg3 reiselivsfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om å kunne byggje og handtere profesjonelle relasjonar med ulike gjester, kundar og kollegaer. Dette inneber kunnskap om ulike kulturar og evne til å setje grenser og respektere andre sine grenser i ulike arbeidssituasjonar. Vidare handlar folkehelse og livsmeistring om å sikre god fysisk og psykisk helse gjennom kunnskap om helse, miljø og sikkerheit og om pliktene og rettane arbeidstakaren og arbeidsgivaren har i arbeidslivet.

Berekraftig utvikling

I vg3 reiselivsfaget handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om korleis reiselivsnæringa kan bidra til eit meir berekraftig samfunn. I dette ligg det å reflektere over potensielle dilemma knytte til lønnsemd og berekraft på både kort og lang sikt. Vidare handlar det om å utforske reiselivsbransjen som ein global aktør og om korleis reiselivsverksemda kan bidra til ei berekraftig utvikling på verdsbasis.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i vg3 reiselivsfaget inneber å kunne kommunisere i ulike samanhengar og på tvers av kulturar. Det inneber å tilpasse sitt eige språk til mottakaren, innhaldet og formålet og å lytte til og vise respekt for andre. Vidare inneber det å bruke forteljarkunst og relevante faguttrykk i presentasjonen og formidlinga av produkt.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i vg3 reiselivsfaget inneber å uttrykkje seg skriftleg for å skape ulike tekstar som formidlar kunnskap om og ulike synspunkt på reiselivsrelaterte emne. Det inneber òg å utveksle informasjon og vere kjeldekritisk.

Å kunne lese

Å kunne lese i vg3 reiselivsfaget inneber å bruke kjeldekritikk og ulike lesestrategiar for å hente inn, tolke, velje ut og bruke skriftleg informasjon. Det inneber å halde seg orientert om reiselivsfaglege tema gjennom media, faglitteratur og andre relevante kjelder. Vidare inneber det å hente inn informasjon om økonomiske, marknadsmessige og andre forhold som gir grunnlag for berekraftige løysingar og utvikling i verksemda.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i vg3 reiselivsfaget inneber å hente inn, omarbeide, analysere og vurdere talmateriale og presentere desse i relevante oppsett. Vidare inneber det å utføre valutaberekningar og priskalkulasjonar.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i vg3 reiselivsfaget inneber å hente inn, omarbeide, formidle og presentere informasjon om reiselivsprodukt gjennom bruk av digitale ressursar. Vidare inneber det å bruke kunde- og bookingsystem, samhandlingsverktøy og ulike plattformer for å løyse oppgåver og samarbeide digitalt. Det inneber òg å følgje reglar og normer for nettbasert kommunikasjon, vere kjeldekritisk og vurdere etiske spørsmål som gjeld personvern og opphavsrett.☒

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering vg3 reiselivsfaget

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at lærlingen skal kunne

- vurdere nasjonale og globale trendar og faktorar som påverkar reiselivet, og foreslå tiltak som kan bidra til ein berekraftig vekst
- presentere eiga verksemd med vekt på forretningsplanen og reflektere over korleis berekraftsperspektivet er sikra
- presentere dei ulike avdelingane og arbeidsoppgåvene i verksemda og korleis desse påverkar samhandling, heilskapleg drift og utvikling
- drøfte og presentere korleis samarbeid mellom ulike aktørar i reiselivsbransjen kan bidra til innovasjon og styrkje heilskaplege reiselivsprodukt
- planleggje og utvikle heilskaplege reiselivsprodukt og vurdere tiltak som sikrar ei berekraftig ressursutnytting

- planleggje, gjennomføre og vurdere sals- og marknadsaktivitetar for verksemda
- vurdere inntektene og kostnadene til verksemda og gjere greie for korleis desse påverkar lønnsmda
- berekne pris og presentere tilbod på ulike reiselivsprodukt
- gjere greie for prisdifferensieringar i reiselivsnæringa og vurdere moglege konsekvensar av prisdifferensiering
- utforske og presentere kva det inneber å respektere og forstå ulike kulturar, og ta omsyn til kulturforskjellar i møte med kollegaer, besøkjande, gjester og andre samarbeidspartnarar
- tilpasse kommunikasjonen og utøvinga av servicerolla til ulike arbeidssituasjonar
- utforske og formidle kunnskap om norsk og samisk kultur og om aktuell lokal historie, lokal kultur og lokale attraksjonar
- presentere ein destinasjon på norsk og engelsk
- reflektere over vertskapsrolla og anvende tiltak som kan auke totalopplevinga for gjestene
- bruke kundeoppfølgingssystema i verksemda, og presentere korleis desse kan brukast i kampanjar og kundedialog og til å byggje kundelojalitet
- bruke reservasjonssystema og betalingsløysingane til verksemda og utføre valutaberekningar
- følgje retningslinjer og lovverk og bruke dei interne rutinane i verksemda ved behandling av reklamasjonar og klagar
- gjennomføre førstehjelp, bruke beredskapsplanane til verksemda og reflektere over eiga rolle og eige ansvar i konflikt- og nødsituasjonar
- gjere greie for helse, miljø- og sikkerheitstiltak i verksemda og for eiga rolle og eige høve til å medverke i arbeidet med helse, miljø og sikkerheit
- utforske og presentere område og regelverk innanfor helse, miljø og sikkerheit
- reflektere over etiske retningslinjer og verdiar i verksemda og følgje desse i ulike arbeidssituasjonar
- arbeide etter regelverk og avtalar som regulerer arbeidsforholdet i faget, og gjere greie for pliktene og rettane til arbeidsgivaren og arbeidstakaren

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse. Lærlingane viser og utviklar kompetanse i vg3 reiselivs faget når dei bruker kunnskapar, ferdigheiter og kritisk tenking til å løyse arbeidsoppgåver i faget.

Instruktøren skal leggje til rette for lærlingmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte arbeidsoppgåver. Instruktøren skal vere i dialog med lærlingane om utviklinga deira i vg3 reiselivs faget. Lærlingane skal få høve til å uttrykkje kva dei opplever at dei meistrar, og reflektere over eiga fagleg

utvikling. Instruktøren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at lærlingane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Vurderingsordning

Sluttvurdering

Før fagprøva må alle som ikkje har følgd normalt opplæringsløp, ha bestått ein skriftleg eksamen laga ut frå læreplanen i faget. Eksamen blir utarbeidd sentralt og sensurert lokalt. Eksamen skal ikkje ha førebuingssdel.

Opplæringa i vg3 reiselivsфaget skal avsluttast med ei fagprøve. Alle skal opp til fagprøva, som skal gjennomførast over tre yrkedagar.